

# Bacheloroppgåve

## **Når barn skal hørast, men også sjåast**

Dilemma som kan oppstå rundt tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjoner

Rebekka Gjertsen

Bachelorgradsstudium i sosialt arbeid  
Barnevernspedagog

2021

## Eigenerklæring

Denne oppgåva er mitt eige og sjølvstendige arbeid. Den gjer ikkje bruk av andre sitt arbeid utan at det er oppgitt, den gjer ikkje bruk av tekst frå eige arbeid utan at det er oppgitt, og kjelder som er brukt er ført inn i både tekst og kjeldeliste på ein måte som gjer at eg ikkje vil få ein ‘ufortent renommégevinst’. Den har heller ikkje vore brukt som eksamensvar eller arbeidskrav tidlegare.

Eg veit at oppgåva vil bli elektronisk kontrollert for plagiat og at alvorlege brot med ‘god sitatskikk’ vert behandla som fusk jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

I arbeidet med oppgåva er personopplysninga behandla i samsvar med retningslinjene som er å finne i Canvas. Oppgåva inneheld ikkje opplysningar som kan førast tilbake til einskildpersonar ut over det som dei har godtatt gjennom samtykke eller som er offentleg kjent.

Eg gir Høgskulen i Volda rett til å publisere oppgåva vederlagsfritt i elektronisk form.

## Samandrag

Målet med denne oppgåva er å kaste lys på dei mindre kjente sidene ved tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar. Ved å ikkje ha nok kunnskap om dette temaet risikerer fagpersonar å miste kontrollen over sitt arbeid og målsetninga, som igjen kan føre til at barnet ikkje blir ivaretatt på ein god nok måte. Problemstillinga er dermed; *Kva dilemma kan dei ulike profesjonane som arbeider med tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar, stå i?*

For å finne svar på problemstillinga har eg utført fem djupneintervju, der eg intervjuer fem ulike profesjonar som har erfaring med tilrettelagt avhør av barn. På bakgrunn av problemstillinga fokuserast det i studien på teoriar om barnet som aktør, intervension og tverrprofesjonelt samarbeid. Det er også tatt med forsking som omhandlar baksidar ved fristane, spennet mellom barn og foreldres rettigheiter, tolking av lover, samt ulemper knytt til det tverrprofesjonelle samarbeidet. Den samla empirien basert på dei ulike profesjonanes erfaringar, knytast opp mot teori og forsking for å få best mogleg svar på problemstillinga.

Resultatet av problemstillinga viser at dei ulike profesjonane opplever utfordringar i forhold til fristane som skal overhaldast, balansen mellom barnets beste prinsippet og foreldras rettigheiter, samt det tverrprofesjonelle samarbeidet i samband med tilrettelagt avhør av barn. Konklusjonen vart dermed at dei ulike profesjonane kan oppleve å stå i dilemma i forhold til om fristane skal overhaldast eller ikkje, når barnets og den mistenktes rettigheiter verkar motstridande, samt når det i tilfeller må vurderast om barnets beste prinsippet eller bevis i straffesaken skal prioriterast.

## Abstract

The aim of this thesis is to shed light on the lesser-known aspects of judicial interviews of children who are suspected of being exposed to violence in close relationships. By not having enough knowledge about this topic, professionals risk losing control of their work and goals, which in turn can lead to the child not being cared for in a good enough way. The thesis' research question is thus; *What dilemmas can the various professions that work with judicial interviews of children who might have been exposed to violence in close relationships face?*

To answer the research question, I have conducted five in-depth interviews, where I interviewed five different professionals who have experience with judicial interviews of children. The study focuses on theories concerning the child as an actor, intervention and interprofessional collaboration. In addition research regarding the downside of deadlines in such cases, the tension between children's and parents' rights, interpretation of laws and disadvantages associated with interprofessional cooperation, are included in this thesis to shed light on the research question.

The thesis shows that the various professions experience challenges in relation to the deadlines to be met, the balance between the child's best principle and parents' rights, as well as the interprofessional cooperation in connection with judicial interviews of children. The conclusion is that the various professions may find themselves in a dilemma in relation to whether the deadlines should be complied with or not, when the child's and the suspect's rights appear contradictory, and when in cases it must be considered whether the child's best principle or evidence in criminal proceedings should be given priority.

## Forord

Denne oppgåva er skrevet i forbindelse med avsluttande bacheloroppgåve i sosialt arbeid ved Høgskulen i Volda. Arbeidsprosessen har vore lærerik, men også svært utfordrande. Med det så vil eg takke tanta mi, Sissel Becker, som introduserte meg for dette spennande temaet. Eg vil også takke ho for all tida og energien ho har lagt ned for å hjelpe meg med å komme i mål. Eg kunne ikkje hatt ein betre støttespelar gjennom denne prosessen.

Eg vil også nytte denne muligheita til å takke mine fem informantar som tok seg tida til å dele sine erfaringar, og som ville bidra i denne studien.

Eg vil også takke veilederen min Øyvind Økland for tilbakemeldingar og veiledning i forbindelse med oppgåva.

Til slutt vil eg takke vennar og familie for støttande og motiverande ord, og for at dykk har vore der for meg når frustrasjonen har vore stor.

## Innhald

<i>Samandrag</i> .....	<i>iii</i>
<i>Abstract</i> .....	<i>iv</i>
<i>Forord</i> .....	<i>v</i>
<i>Introduksjon</i> .....	<i>1</i>
<i>Innleiring</i> .....	<i>3</i>
Litteratur og metode .....	4
Problemstilling og forskingsspørsmål.....	4
<i>Kunnskapsgrunnlag</i> .....	<i>6</i>
Bakgrunn .....	6
Teori.....	6
Barnet som aktør .....	6
Intervensjon.....	8
Tverrprofesjonelt samarbeid.....	8
Forsking på feltet.....	9
Baksider ved fristar .....	9
Barns rett til beskyttelse vs. foreldrenes rettigheter?.....	10
Tolking av lova.....	11
Ulemper med tverrprofesjonelt samarbeid .....	11
<i>Metode</i> .....	<i>13</i>
Utval av informantar.....	<i>13</i>
Djupneintervju .....	<i>14</i>
Transkribering og analyse .....	<i>15</i>
Tilarbeiding av data.....	<i>15</i>
Koding.....	<i>16</i>
Forskingsetikk .....	<i>17</i>
Kvalitet .....	<i>17</i>
Metodiske utfordringar .....	<i>19</i>
<i>Funn</i> .....	<i>20</i>

<b>Fristar .....</b>	<b>20</b>
<b>Barns vs. Foreldres rettigheter?.....</b>	<b>21</b>
<b>Det tverrprofessionelle samarbeidet .....</b>	<b>23</b>
<b><i>Diskusjon .....</i></b>	<b><i>25</i></b>
<b>Korleis profesjonane opplever fristane i forhold til tilrettelagt avhør.....</b>	<b>25</b>
<b>Korleis profesjonane stiller seg til balansen mellom prinsippet om barnets beste og omsynet til foreldrenes rettigheter .....</b>	<b>26</b>
<b>Korleis profesjonane opplever det tverrprofessionelle samarbeidet .....</b>	<b>28</b>
<b><i>Konklusjon .....</i></b>	<b><i>30</i></b>
<b><i>Siterte verk .....</i></b>	<b><i>32</i></b>

## Introduksjon

Vold i nære relasjoner er eit alvorleg samfunnspunkt, både ut ifrå eit kriminalitets-, helse-, likestillings- og oppvekstperspektiv. Vold skaper utryggheit, kan medføre helseskadar, tap av velferd og verkar avgrensande for den enkelte sin livsutfoldelse. I forhold til oppvekstperspektivet er det dessverre slik at vold og overgrep er ein del av mange barns kvardag og oppvekst. Det offentlige har eit ansvar for å sørge for at barn veks opp i gode og trygge omgivnadar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2011). Det i dag praksis at barn i saker som omhandlar vold og overgrep, vitnar i tilrettelagt avhør ved barnehus (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 93).

Formålet med tilrettelagt avhør er å skaffe nødvendige opplysningar som kan kaste lys over spørsmålet om det er begått ein straffbar handling. For at avhørets bevisverdi skal vere godkjent, må både barnets og den mistenke sine behov og rettigheter vere ivaretatt (Torgersen, 2016). FNs Barnekomité har sin tolking av art. 19 lagt vekt på at barn sin personlege integritet skal beskyttas på lik linje med voksnes, noko som føresetje at barn blir gitt eit sterkt vern. Følgeleg skal ikkje barns rettigheter heilt skygge for foreldrenes rett til kontradiksjon og den betydinga det har for opplysing i saken (Sigurdsen, 2017).

Når det er mistanke om at eit barn har blitt utsatt for vold eller overgrep, blir saka fort ei sak for både barnevern og politi. Utfordringa her kan oppstå når fokuset ligger på å samle bevis til straffesaka. I denne prosessen kan straffesaksarbeidet komme i konflikt med barnets beste, og vidare føre til brot på barnets menneskerettar (Sanner, 2020, s. 19). Litteraturen på området gir kunnskap om korleis ein slik prosess bør gjennomførast, men gjev lite kunnskap om kva dilemma og utfordringar som kan oppstå, samt baksida med arbeidet.

Ved å ikkje belyse fleire sider av ein slik prosess, kan det skape usikkerheit i korleis ein skal forhalde seg til barn og deira rettigheter. Manglande kunnskap om dette kan føre til at fagpersonar mistar kontrollen over sitt arbeid og målsetningane, som igjen fører til at barnet ikkje blir ivaretatt på ein god nok måte.

Med dette som utgangspunkt tar denne oppgåva for seg dei profesjonelle sine tankar og erfaringar av tilrettelagt avhør, gjennom eit intervju med ein tilsett i barnevernet, ein politietterforskar, ein tilrettelagt avhørar, ein påtalejurist, samt ein leiar ved eit barnehus.

## Innleiing

Barnevernet sitt samfunnsoppdrag er å sørge for at barns behov for rett til beskyttelse er godt nok ivaretatt av deira vaksenpersonar (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 31). Statistikk viser at 1 av 20 barn og unge veks opp under forhold som er prega av vold (Folkehelseinstituttet, 2019). Desse tala kan vere usikre, ettersom overgrep mot barn ofte skjer i private rom. I saker der det er mistanke om dette, kan barn få vitne i tilrettelagt avhør. Dette er eit alternativ til det å vitne i rettsalen og vart danna av omsyn til barn, slik at det skulle vere lettare og tryggare for dei å tale sin sak. Det kan for mange barn opplevast som skremmande og ubehageleg da dei ønsker å ha eit positivt bilde sine foreldre (Bunkholdt & Kvaran, 2015, ss. 282-283). Avhøra utførast derfor på barnehus for å sikre at fagfolk som psykologar og representantar frå barnevernet følger opp barnet både før og etter avhøret. Sjølvé avhøret utførast av ein politetterforskar som er spesialutdanna til å ta avhør av barn.

Tilrettelagt avhør skal gjennomførast innan ein til tre veker. Fristen startar frå anmeldelsestidspunktet eller frå det tidspunktet påtalemyndighetene har slutta dette. Påtalemyndigheten i politiet har ansvar for å sikre at fristane overhaldast, mens barnehusets oppgåve er å leggje til rette for gjennomføring av avhøret, og oppfölge barnet i ettertid. Avhøret vil bli tatt opp på lyd- og bildeopptak, og blir spelt av i retten under ein eventuell hovudforhandling.

Dei siste åra har barn sine juridiske rettigheter blitt forsterka. Dette ser ein blant anna i samband med retten barn har til å uttale seg før avgjersler om viktige forhold i dets liv skal bli tatt (Øvreeide, 2009, s. 186). Maja Jul står bak den danske TV-serien med tittelen «Ulven kommer» (Norsk riksdrift AS, 2020). Serien har blitt populær da den tar opp aktuelle og vanskelege problemstillinger i forhold til temaet; barn med vold i nære relasjoner. Serien gir eit realistisk innblikk i prosessen rundt eit tilrettelagt avhør, og kor vanskelig det kan vere for dei ulike profesjonane å sikre at barnas rettigheter blir ivaretatt. Serien viser utfordringa som oppstår når barn og foreldres forklaring ikkje samsvarar med kvarandre. Barnevernsarbeidarar skal sikre at barns rettigheter blir ivaretatt, også når dei går på tvers av foreldrenes ønsker. Foreldra som mistenkte har også rett til kontradiksjon etter barna har vore i eit tilrettelagt avhør. Dette gjer at foreldre innan kort tid får sjå videoopptak av barnas avhør.

Denne studien undersøkjer dermed ulike dilemma dei profesjonelle kan møte på i arbeidet rundt tilrettelagt avhør av barn etter mistanke om overgrep.

## Litteratur og metode

Eg fann det meiningsfullt å finne litteratur omkring barnet som aktør, intervasjon og tverrprofesjonelt samarbeid, som relevant for problemstillinga. Boka «klokhet om vold og overgrep» (2020) der Marit Sanner er redaktør vart mykje brukt, ettersom boka også tar for seg kunnskap direkte frå 500 barn med erfaring frå vold og overgrep. Elles er andre relevante pensumbøker gjennom åra på studiet også brukt, som omhandlar sosialfagleg arbeid.

Det var mykje forsking rundt temaet *tilrettelagt avhør og barn med vold i nære relasjoner*, men eg har ikkje funne mykje forsking i retninga eg vil dra oppgåva. Artiklane eg har brukt er derimot fagfellevurdert og funnen gjennom søkemotorane Oria og Idun. Tidlegare rapportar og masteroppgåve funnen gjennom Google Scholar er også blitt tatt i bruk. Der vart søkeord som «tilrettelagt avhør», «Tverrprofesjonelt samarbeid», «Vold i nære relasjoner» og «avhør av barn» brukt.

Studien er kvalitativt orientert. For å innhente kunnskap om problemstillinga er det gjennomført fem djupneintervju av fem ulike profesjonar som har relevant erfaring med tilrettelagt avhør av barn. Datamaterialet er analysert ved hjelp av den stegvis-deduktiv induktiv-modellen.

## Problemstilling og forskingsspørsmål

Denne studien kan bidra til å skape meir kunnskap og bevisstgjere dei profesjonelle aktørane om kva dilemma og utfordringar ein kan møte på i eit slikt arbeid. Dette kan igjen ha ei god påverknad på dei sårbare barna som må igjennom prosessen av eit tilrettelagt avhør. Om denne studien får anerkjenning, kan den kan bidra til å enten utvikle betre lover, større rom for å drive skjønn, eller bidra til at profesjonane jobbar meir målretta for å forbetre andre utfordringar i arbeidet for å sikre betre kvalitet.

Ettersom dei positive sidene ved tilrettelagt avhør er meir synlige, vil denne studien gå meir inn på baksidene av prosessen som kan verke meir ukjent. Oppgåva har med dette som bakgrunn blitt gitt følgande problemstilling;

*Kva dilemma kan dei ulike profesjonane som arbeider med tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar, stå i?*

Eg har danna tre forskingsspørsmål, som skal utforskast på vegen mot å finne svar på problemstillinga. Dei ulike profesjonane som jobbar med tilrettelagt avhør av barn må blant anna forholde seg til ulike fristar. Fristane kan vere med å påverke deira arbeid både positivt og negativt. Mitt første forskingsspørsmål er derfor; *korleis opplever dei ulike profesjonane fristane som skal overhaldast i forhold til tilrettelagt avhør av barn?*

Mitt neste forskingsspørsmålet er; *korleis stiller dei ulike profesjonane seg til balansen mellom prinsippet om barnets beste og omsynet til foreldrenes rettigheter rundt eit tilrettelagt avhør?* I prosessen rundt eit tilrettelagt avhør skal både barn og foreldres rettigheter bli ivaretatt. Her vil eg finne ut om desse rettighetene blir ivaretatt for begge parter.

Det er fleire ulike profesjonar involvert i prosessen rundt eit tilrettelagt avhør. Dei har ulike arbeidsoppgåver, men samhandling er vesentlig på tvers av profesjonar for å ivareta barn sine rettigheter. Da dei har ulike regelverk å forholde seg til, har eg valt dette forskingsspørsmålet; *korleis opplever dei ulike profesjonane det tverrprofessionelle samarbeidet rundt eit tilrettelagt avhør?*

# Kunnskapsgrunnlag

## Bakgrunn

Barn har grunnleggjande rettigheter etter Grunnloven §104, FNs barnekonvensjon, Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK), i tillegg til ulike særlover. Både EMK og FNs barnekonvensjon går framfor nasjonale lovgjevnader – noko som betyr at også dei norske særlovene skal forståast og tolkast i lys av barns grunnleggjande rettigheter (Sanner, 2020, ss. 120-121).

Barnevernet er regulert etter barnevernslova, som slår fast at ingen barn skal leve under forhold som kan skade deira helse og utvikling. I tilfeller der dette skjer, skal barnevernet sikre at de får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid (Barnevernlova, 1992, §1-1). Den norske barnevernslovens §31 seier at barn over sju år skal få sei sin mening før det blir tatt avgjersler som angår dei personlig, og barn under denne alderen skal høres dersom dei er i stand til å danne seg eigne synspunkt om saken det gjelder. Meininga til barn over 12 år skal tilleggas stor vekt. Barnekonvensjonen bygger på eit grunnsyn om barnets eigen deltaking og om barnet som sjølvstendig aktør i eige liv, noko som både den norske barnelova og barnevernlova har som intensjon å ta høgde for (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 49).

Ofte blir foreldrenes rettigheter vurdert utan at ein vurderer barnets rett til privatliv. Sjølv om FNs barnekonvensjon (artikkel 16) beskriver barns rett til privatliv, kjem ofte dette i skuggen av foreldra sine rettigheter (Sanner, 2020, s. 123). Barnas rett til privatliv og deira rett til å bli hørt må dermed bli ivaretatt når fagfolk vurderer kor vidt foreldre skal få innsyn etter forvaltningslova (Sanner, 2020, s. 121). Politiet sin viktigaste oppgåve er å beskytte barn, men det å etterforske ein straffesak må aldri bli viktigare enn å beskytte (Sanner, 2020, s. 302).

## Teori

### Barnet som aktør

Det har blitt meir aktuelt å sjå på barnet som ein samarbeidspartner, framfor eit objekt for oppdragelse og tiltak (Øvreeide, 2009, s. 187). Barneperspektivet kan ein sei er dei vaksne sitt

forsøk på å sette seg inn i tankane og følelsane som barnet har om seg sjølv og sitt liv, og å studere barn og barns verkelegheit på deira premissar. Barnets perspektiv omhandlar deira eigne historier og fortellingar. Her forstår ein og behandlar barnet som aktør og som eit subjekt som er ekspert på sitt eige liv og sine opplevingar. Dette stiller store krav til å samtale med barn, spesielt i vanskelege livssituasjonar som i barnevernssaker (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 49). Barnets perspektiv må kunne møtast ut frå deira kognitive og emosjonelle føresetnadar, noko som stadig er i endring. Det vil sei at ein må ta omsyn til barnets formelle rettigheter, aktoreigenskapar, avhengighet og deira psykologiske utviklingsnivå når ein skal høre barn etter viktige spørsmål skal utredast og sluttast (Øvreeide, 2009, s. 187). Øvreeide (2009, s. 190) grunnar at omsorg og tryggheit er barnets viktigaste rettighet, og at det inneberer at det er det vaksne som skal ta eit ansvarleg perspektiv for beskyttelse og sørge for å ivareta dei langsiktige utviklingsbetingelsane – da dette ikkje er noko ein skal kunne krevje av eit barn. Tanken bak å forankre barnets perspektiv reint juridisk, er trua på at dersom barnet i større grad får vere med å påverke omgivnadane gjennom eigne val og ressursar, vil det kunne påverke både sjølvbiletet og motivasjon til endring (Ellingsen, Levin, Berg, & Kleppe, 2015, s. 106).

Barns avgrensa livsperspektiv gjer derimot at deira ønske kan vere prega av «status quo» som det mest trygge (Øvreeide, 2009, s. 189). Spørsmål kan gjere barnet redd for å enten bli avvist, eller bli utsatt for negative konsekvensar – ved å for eksempel bli tillagt ansvar og skyld for den løysninga som blir funnen. Barnet står da i ein situasjon der alle svar blir «feil» (Øvreeide, 2009, ss. 188-189). Slike indre konfliktar mellom avhengighet og sjølvstendighet, eller mellom nærleik og avstand kan opplevast som belastande at dei utløyser stress (Bunkholdt, 2002, s. 247). Øvreeide (2009, s. 190) meiner at dersom barn sine svar på spørsmål om deira liv aleine skal tilleggas stor vekt, må barnet ha eit bevisst, informert og overordna perspektiv på sine behov og sine moglegheiter. Han nemner til slutt at det i fleire situasjonar vil vere å overvurdere barns kompetanse og uavhengighet til å foreta slike vurderingar. Det juridiske systemet opplever fortsatt usikkerheit i korleis å forhalde seg til barn som vitner. Dette har ofte resultert i at fagpersonane har mista kontrollen over både arbeidet og målsetningane sine. Barnet ender opp med å ikkje ville fortelle om sine erfaringar, og vil dermed heller ikkje få den beskyttelsen og støtta som den kanskje ville trengt (Øvreeide, 2009, s. 16).

## **Intervasjon**

Barn sitter ofte igjen med kjensla av å miste kontrollen over sitt liv når dei fortel om overgrep (Sanner, 2020, s. 30). Årsaken for dette kan vere at dagens lovverk og rammer ikkje sikrar fagfolk sin moglegheit til å haste på ein måte som opplevast trygt for barnet. Det hastar ofte meir for dei vaksne rundt enn for barna som står i situasjonen (Sanner, 2020, s. 30). Vaksne føler seg forplikta til å handle raskt, og gjer det ofte på ein måte som kan skape nye sår (Sanner, 2020, ss. 232-233). Det er ikkje nødvendigvis slik at det hastar like mykje for barnet å få hjelp, som det gjer med dei vaksne. Mange barn har stått lenge i situasjonar prega av overgrep (Sanner, 2020, s. 251).

I følge norsk lov er alle offentlige tilsette pliktige til å melde ifrå dersom ein er bekymra for eit barns omsorgssituasjon. I tillegg til denne avvergerplikten er dei aktuelle instansane pålagt å gi nødvendige opplysningar av barn dersom dei blir etterspurt (Sanner, 2020, s. 124). Dette inneberer også at dei tiltaka som gjerast frå det offentlege sin side, skal skje så tidlig som mulig (Eriksen & Germeten, 2012, s. 54). På aksjonsdagar vil det tilrettelagte avhøret av barnet og avhør av familiemedlemmer finne sted same dag (Sanner, 2020, ss. 232-233). Det er viktig at barn får hjelp så fort som mulig, men det skal ikkje gå på bekostning av barns rettssikkerheit. Raske avgjersler er særleg utfordrande når det gjelder melding til barnevernet eller politiet, vidareformidling av informasjon mellom etatane samt tilvising mellom dei ulike tenester (Sanner, 2020, s. 122).

## **Tverrprofesjonelt samarbeid**

Schiefloe (2011, s. 311) omtalar begrepet samarbeid som ulike aktørar som yter ein innsats for å nå eit felles mål. Eriksen og Germeten (2012, s. 35) fortel vidare at tverrprofesjonelt samarbeid går ut på at ulike profesjonar møtast for å samarbeide mot eit felles formål.

Ellingsen, Levin, Berg og Kleppe (2015, ss. 145-155) forklarar at tverrprofesjonelt samarbeid er ein kompleks arbeidsform som for sosialarbeidarar er viktig å ha kunnskap om og dra nytte av i sitt arbeid. Vidare seier dei at etter kvart som samfunnet utviklar seg og brukarar har meir komplekse behov, krevjar det innsats og samarbeid mellom fleire profesjonar og tenester.

Eriksen og Germeten (2012, s. 35) seier at formålet med eit tverrprofesjonelt samarbeid er å kunne bidra med kunnskap, innsikt og ferdigheiter i kvar sin del av relasjonen og miljøet rundt barnet. Eit tverrprofesjonelt samarbeid forutsetter at kvar av profesjonane er tydelege på sin yrkesidentitet og kva ein kan bidra med i samarbeidet (Ellingsen, Levin, Berg, & Kleppe, 2015, s. 158).

Det tverrpofesjonelle samarbeidet må aldri bli ansvarsfraviking eller ei oppsmuldring av ansvar. Sjølv om samarbeid på tvers av fag og profesjonar kan opplevast som tidkrevjande, må det tenkast at «gevinsten» er større enn «investeringa». Dette samarbeidet skal ikkje stjele tid frå nødvendige oppgåver, men tilføre energi og fellesskap (Eriksen & Germeten, 2012, s. 35).

## Forsking på feltet

### Baksider ved fristar

I arbeid med vold mot barn føreligger det korte tidsfristar, som gjer at desse typar saker blir høgare prioritert (Aas, 2020).

Riksadvokaten har forståing over at fristane kan opplevast som stramme, men meiner likevel at dei skal overhaldast sett vekk ifrå at det ikkje er heimel og grunnlag for utsetting av fristen. Samstundes meiner riksadvokaten at fristane knytt til eit tilrettelagt avhør ikkje skal gå utover kvaliteten i arbeidet. Dersom det er faktorar som påverkar arbeidet som blir for tidkrevjande, gir det grunnlag for å forlenge fristen, jf. Straffeprosesslova §239 e fjerde ledd. Loven føresetjer at avhøret gjennomførast så snart som grunnen til utsetjinga fell bort. Årsaken til at utsetjinga må vere så kort som mogleg er av omsyn til vitnet, det vil sei barnet, og den siktedes rett til kontradiksjon (Torgersen, 2016).

En masteroppgåve som tar for seg tilrettelagt avhør av barn viser til Politidirektoratets rapportar som synleggjer i kva grad fristane etter dei nye reglane i tilrettelagt avhør som kom i 2015 overhaldast. Resultatet varierte frå månad til månad mellom politidistrikta. Resultata viser at straffeprosesslovens reglar om fristar for gjennomføring av tilrettelagt avhør er i

samsvar med Norges internasjonale forpliktelsar, men at reglane i praksis kan vere vanskeleg å overhalde. Rapportane viste også at grunnar for at fristane ikkje blir overheldt kan vere; forhold rundt barnet som er ute av politiets kontroll, eller at det oppstår kapasitet- eller ressursmangel blant dei ulike profesjonane (Tilrettelagte avhør av barn i saker om seksuelle overgrep, 2017, s. 43).

### **Barns rett til beskyttelse vs. foreldrenes rettigheter?**

Formålet med tilrettelagt avhør er å kunne skaffe nødvendige opplysningar som kan kaste lys over spørsmålet om det er begått ein straffbar handling. For at avhørets bevisverdi skal vere godkjent, må både barnets og den mistenke sine behov og rettigheter vere ivaretatt. Barn kan, på denne måten ved hjelp av innleiande samtalar, vere nødvendig for å avdekke og oppklare straffbare forhold. Foreldre eller føresette som er mistenkt for overgrep, kan ikkje fungere som verge. Dette gjeld også dersom der bare er den eine av foreldra som er mistenkt, jf. Vergemålslova §20.

Forsking viser at barn, særleg dei yngste, ofte fortel langt meir om kva dei har vore utsatt for dersom dei får muligkeit til å forklare seg fleire gangar (Prop. 112 L (2014-2015) pkt. 6.4.3 side 51). Det vil derfor kunne vere aktuelt å foreta supplerande avhør. Supplerande avhør skal ivareta siktets behov for kontradiksjon, som står sentralt også på etterforskningsstadiet, jf blant anna Rt. 2011 s. 93 avsnitt 35. Video-/lydopptaket av det tilrettelagte avhøret skal i utgangspunktet tre i standen for forklaring under hovudforhandling, jf. Straffeprosessloven §298 og forskrifta § 1 tredje punktum. Denne unntaket frå bevisumiddelbarheitsprinsippet baserer seg på at den sikta sin rett til kontradiksjon er ivaretatt under etterforskinga (Torgersen, 2016).

Det er i utgangspunktet ulikevekt i den faktiske og rettslige stillinga mellom barn og foreldre (Sigurdsen, 2017). Denne er ikkje mindre, heller større, i barnevernssaker enn i andre sakstyper. Barnet er den mest sårbare parten som følge av sitt avhengigheitsforhold til foreldre og til barneverntenesta. Det taler for at barns rettigheter skal prioriterast, men ikkje i større grad enn at formålet nås, dvs. at dei ikkje utsettast for integritetskrenkelsar. Følgeleg skal ikkje barns rettigheter heilt skygge for foreldrenes rett til kontradiksjon og den betydinga det har for opplysing i saken (Sigurdsen, 2017).

## **Tolking av lover**

Forpliktelsen til å ivareta barns rettigheter, som følgje av Grunnlova §104, er i tråd med statens ansvar etter BK art. 4. Med dette meinast det at rettighetene i BK art. 19 som seier at barn skal beskyttast mot overgrep, må gjenspeglast i nasjonal lovgjevnad. FNs Barnekomité har sin tolking av art. 19 lagt vekt på at barn sin personlege integritet skal beskyttes på lik linje med voksnes, noko som føresetje at barn blir gitt eit sterkt vern. Etter BK art. 3. nr. 1 skal lovgivande myndigkeit ta omsyn til dei spesielle forholda som gjelder barn, noko som grunnar at i ein lovgivnadsprosess må det avklarast om det føreliggjer ein mogleg interesse- og rettigheitskonflikt mellom barn og foreldre. Det betingar at det er føretatt ein forsvarleg utredning i lovgivnadsprosessen for å hindre at barns interesser blir overskygga av foreldras. Så vel Grunnloven som BK gir følgeleg tydelege signal om at det skal tas omsyn til barns integritetsvern når loven forberedast og vedtas.

I drøftinga av barns integritetsvern viser Barnevernsutvalet til avgjerda i GRI. §104 tredje ledd første setning, men foretar ingen tolking eller klargjering av betydinga den har for lovgivnaden. Lovutvalet går dermed ikkje inn på spørsmålet om kva styrke som ligger i barns rett til integritetsvern, og tar heller ikkje direkte opp spørsmålet om korleis ein konfliktsituasjon mellom barns og foreldres rettigheter skal løysast.

Ifølge Barnevernslovutvalget ivaretar gjeldande rett, forutsatt at lovgivinga praktiserast korrekt, barn på ein god måte når det gjeld spørsmål om foreldras innsynsrett og barns behov for konfidesialitet, men utvalet peikar samtidig på at regelverket er for komplekst. Følgeleg ligger det ein utfordring i praktiseringa av regelverket, eit forhold som med fordel kunne vore nærmare belyst (Sigurdsen, 2017).

## **Ulemper med tverrprofessionelt samarbeid**

Hovudregelen er at alle profesjonelle aktørar skal vere fysisk til stede på barnehuset. Dette er ein føresetnad for å få til ein god samhandling. Eit av siktemåla med den nye ordninga som kom i 2015, er å legge til rette for betre samhandling mellom politi og barneverntenesta i saker om overgrep mot barn, og for at politiets etterforsking og barnevernets undersøkingar i

større grad skal kunne føregå parallelt. Det må kunne unngåast at etterforskinga blir skadelidande fordi barnevernet reagerer raskare enn politiet (Torgersen, 2016).

Gode metodar og kompetente avhørarar er ikkje nok (Davik & Langballe, 2013). I saker der barn er fornærma eller vitner, er det tilrettelagte avhøret kunn ein bit i eit puslespel. Brei og god etterforsking, og kunnskapsrike fagpersonar på alle nivå i straffesakskjeden er nødvendig for at mest mulig av bildet skal kunne leggast (Davik & Langballe, 2013).

I ein masteroppgåve som omhandlar det tverrfaglege samarbeidet mellom barneverntenesta og politi i forbindelse med tilrettelagt avhør, viser funna at det tverrfaglige samarbeidet mellom dei kan opplevast som kompleks og utfordrande på fleire områder. Blant anna ulikt lovverk og ulike holdningar til vold syntes å vere årsakar til at samarbeidet opplevast som vanskelig (Jakobsen, 2018). Politiinspektør Bjørlo ved Drammen politistasjon viser også til i ein artikkel som nemnar at barnevernet og politiet kan ha ulike interesser (Aas, 2014)

I ein av Helsetilsynets rapportar om samarbeid i kommunane som gjeld utsette barn og unge, viser funna at mange av kommunane som har tilrettelagt for samarbeid, ikkje følger med på og kontrollerer at det planlagde samarbeidet faktisk gjennomførast til barn og unges beste. Samla sett inneberer dette at det er svikt eller for stor risiko for svikt i for mange av landets kommunar (Statens helsetilsyn, 2009).

## **Metode**

Studien er basert på ein kvalitativ forskingsmetode der fokuset ligg på å ha ein open interaksjon mellom forskar og informant. Ein slik tilnærming vil ein vektlegge forståing, samt nærliek til dei ein forskar «på» (Tjora, 2017, s. 24).

## **Utval av informantar**

Det er mange intansar involvert rundt prosessen av eit tilrettelagt avhør, men valet falt på å intervju dei mest sentrale i prosessen som kunne svare på problemstillinga; ein tilsett i barnevernet, ein politietterforskar, ein politjurist, ein tilrettelagt avhører og ein leder av eit barnehus. Ettersom dei ulike instansane har forskjellige oppgåver knytt til eit tilrettelagt avhør, var det hensiktsmessig å utforske fleire synspunkt i arbeidet. Dette vil også bidra til å gi eit meir nøyaktig og innhaldsrikt svar på studiens problemstilling. Fire av dei fem informantane har i fleire år jobba innanfor politiet. Informanten frå barnevernstenesta har stort sett jobba der sida ho vart ferdigutdanna i 2010. Alle informantane held i tillegg til i storbyar i Noreg, og har mykje erfaring med tilrettelagt avhør av barn.

Ifølge Tjora (2017, s. 132) er det ikkje uvanleg at rekruttering av informantar er vanskeleg, og at ein ofte kan sitte igjen med ei kjensle av at det er nokon erfaringar ein ikkje får undersøkt. Dette er relaterbart ettersom det også er andre profesjonar involvert i eit tilrettelagt avhør som eg ikkje fikk intervju. Blant anna er rådgivarar og psykologar også til stades ved alle tilrettelagte avhør og bister politiets tilrettelagte avhørar med barnefagleg kompetanse. Prosessen rundt å gjennomføre intervju tok tid da det var utfordrande å finne informantar, samt tid for å gjennomføre intervju. Basert på studiens avgrensing vurderte eg at utvalte informantar ville vere tilstrekkeleg for å svare på problemstillinga. Kven av profesjonane som var viktig å prioritere fann eg ut ved hjelp av *snøballmetoden*. Med det meinast det at eg begynte med eit lite utval, ein førstekontakt, som gradvis voks ved at eg som forskar fikk tips til nye informantar. På denne måten este utvalet som ein snøball, som gradvis blei større etter kvart som den rulla (Tjora, 2017, s. 135). Informantane fekk ikkje vite spørsmåla før under sjølve intervjuet, men hadde blitt tilsendt eit lite skriv på e-post i forkant som kort utgreidde kva oppgåva handla om.

<b>Informant</b>	<b>Utdanning</b>	<b>Dato</b>	<b>Lengd</b>
Jurist	Påtalejurist	16.04.2021	60 min
Tilrettelagt avhører	Tilrettelagt avhører	20.04.2021	44 min
Politietterforskar	Politietterforskar	21.04.2021	30 min
Leiar for barnehuset	Politi med master i organisasjon og leiing	27.04.2021	39 min
Tilsett i barnevernet	Sosialarbeidar	28.04.2021	20 min
<b>Totalt:</b>			3 t 13 min

## **Djupneintervju**

Problemstillinga studerer meininger, holdningar og erfaringar. Det var dermed naturlig å bruke djupneintervju som metode innanfor den kvalitative forskinga. Djupneintervju brukast som nemning på eit kvalitativt intervju som består av ein samtale mellom intervjuar og informant (Tjora, 2017, s. 257). Ved å gjennomføre intervju på denne måten vil ein kunne utforske dei ulike nyansane i opplevingane og erfaringane som dei profesjonelle har danna seg innanfor prosessen med tilrettelagt avhør. Intervjuva vart gjennomført digitalt via zoom , der lengda på intervjuva varierte mellom 20-60 min. For å skape ein betre flyt og vere meir til stades i intervjuet var det også hensiktsmessig å ta lydopptak (Tjora, 2017, s. 166).

For å strukturere intervjuva var det hensiktsmessig å bruke ein intervjuguide. Her vart eg inspirert av Tjora (2017, ss. 145-153). Han danna spørsmåla med utgangspunkt i tre fasar; oppvarming, refleksjon og avrunding. Oppvarming ved å starte med å stille enkle og konkrete spørsmål som ikkje krevjar mykje refleksjon. Eg starta med å danne spørsmål om utdanning, samt relevant erfaring med tilrettelagt avhør. Deretter danna eg 6-7 reflekterande spørsmål som gjekk inn i djupet i ulike delar ved arbeidet. I enkelte av intervjuva opplevde eg at informanten sjølv snakka seg gjennom intervjuguiden, mens andre hadde meir behov for oppfølgingsspørsmål. Stillheten bidrog til at informantane ofte utdjupa svara sine meir. Til slutt består avrundingsfasen av å normalisere situasjonen mellom informanten og forskaren,

som ikkje kjenner kvarandre og som truleg ikkje ville prata så personleg med kvarandre (Tjora, 2017, s. 146). I denne fasen snakka vi om alt ifrå kvar prosjektet går vidare til kva eg skal gjere vidare til hausten. Eg avslutta med å takke informantane for at dei ville stille opp i studien min.

## **Transkribering og analyse**

For å oppretthalde ein god systematikk gjennom denne prosessen, valte eg som strategi å bruke SDI-modellen – som står for stegvis-deduktiv induksjon (Tjora, 2017, s. 196). Ved å bruke denne modellen vart det lettare å arbeide stegvis frå rådata til konsept, utan å for raskt hoppe til konklusjonar. Tjora (2017, s. 265) forklarar at SDI er ein oversiktleg modell for kvalitativ forsking, der grunnprinsippet er ein induktiv utvikling frå empiri til konsept, med deduktive trinnvise tilbakekoplingar. Målet med denne strategien er å både utvikle eit konsept (induktivt), og samtidig sikre kvalitet (stegvis deduktivt). Generering av empiriske data er det første steget i modellen, deretter tilarbeidning av denne dataen;

## **Tilarbeidning av data**

Intervjuet vart tatt opp på lydopptak slik at nyttig empirisk data ikkje gjekk tapt. Alle intervjuer vart transkribert i ettertid. Med transkribering meinast det å gjere lydopptak om til tekst (Tjora, 2017, s. 266). For å transkribere datainnsamlinga vart programmet MAXQDA 2020 (VERBI Software, 2019) tatt i bruk. Eg beit meg fort merke til at informantane ofte kunne starte på ei setning for å så formulere seg annleis til dei fann ein versjon dei var fornøgd med. Tjora (2017, s. 174) meiner her at det kan vere viktig å vise til at informantane leitar etter ord, da dette kan signalisere usikkerheit. Informantane valte ofte å omformulere seg for å kommunisere tydlegast mogleg, slik at bodskapen kom fram på best måte. Mitt detaljeringsnivå var høgast på dei to første transkriberte materiala. Eg erfarte at det ikkje var nødvendig å ha med alle bindeord, da eg opplevde dei som unødvendige i forhold til analysen. I dei tre siste transkriberte materiala skreiv eg kunn heile setningar, med mindre eg oppfatta informanten som usikker i forhold til ordlegginga. Dersom eg opplevde usikkerheit, satt eg tre punktum på slutten før informanten fortsette setninga igjen, døme; «Det er slik at... Eller, slik eg oppfattar det..».

Eg transkriberte på nynorsk til tross for at informantane hadde ulike dialekter. Bruk av nynorsk bidrog til å ytterligare anonymisere informantane, men også for min eigen del fell det meir naturleg å skrive på mitt morsmål. Ein ulempe med prosessen frå intervju til transkripsjon er at visuelle rettesnorer som for eksempel utrykk og kroppsspråk går tapt (Tjora, 2017, s. 175). Det prega likevel ikkje arbeidet mitt mykje da eg sjølv gjennomførte intervjua med informantane og kunne hugse tilbake til situasjonane under transkripsjonen. Tjora (2017, s. 175) tenker at dette kan vere viktig i analysen da manglende informasjon kan få større betydning.

## Koding

Neste steg var å kode datamaterialet i detalj. I SDI-modellen omhandlar koding å gi ein detaljert merkelapp som beskriver ein mindre del av det kvalitative datamaterialet. Denne merkelappen kan bestå av for eksempel ei setning, eit avsnitt eller ein del av eit avsnitt (Tjora, 2017, s. 260). Målet med denne kodinga er i følge Tjora (2017, s. 197) tredelt; det handlar om å trekke fram essensen i det empiriske materiale, om å redusere volumet i materiale, samt å legge til rette for idégenerering på bakgrunn av detaljar i empirien. Ved å bruke kodinga som beskriven i SDI-modellen vart prosessen meir gjennomtenkt og nøyaktig, ettersom at eit kjenneteikn med denne type koding er at den skal ligge svært tett på empirien (Tjora, 2017, s. 198).

I kodinga brukte eg ord eller frasar som utmerka seg i datamaterialet. På denne måten var det lettare å hugse tilbake til kva som vart sagt og gjort i intervjustituasjonen. Eg endte med 65 empirinære kodar. Tjora (2017, s. 198) formidlar at ein i ein slik arbeidsprosess ikkje trenger å vere bekymra for at antal kodar blir for stort, da dei kunn er utvikla frå data og ikkje teori, hypotesar, forskingsspørsmål eller planlagde tema.

Neste trinn består av å gruppere desse kodene. Kodane som hadde samanheng med kvarandre vart samla, og kodane som var unødvendige vart silt ut i ei felles restgruppe. Tjora (2017, s. 208) seier at det som hovudregel vil vere desse ulike kodegruppene som dannar grunnlaget for kva vi utviklar som tema i analysen. Dei 65 empirinære kodane, vart vidare omgjort til fem kodegrupper, i tillegg til restegruppa. Kodegruppene vart kalla; (1) Ivaretakelse av rettigheter, (2) barns forklaringsplikt, (3) Lover og reglar, (4) profesjonanes forhold til fristar og (5)

tverrprofessionelt samarbeid. Antal kodar er i tråd med Tjora (2017, s. 210) sin anbefaling innanfor ein slik studie.

Kodegruppe 1 omhandlar spennet mellom barn og foreldres rettigheter i prosessen rundt eit tilrettelagt avhør. Kodegruppe 2 seier noko om barns forklaringsplikt, og kva slags hensikt den har. Deretter tar neste kodegruppe for seg lover og reglar som profesjonane må forholde seg til. Kodegruppe 4 handlar om korleis fristane pregar arbeidet med barna. Til slutt tar kodegruppe 5 for seg korleis det tverrprofessionelle samarbeidet rundt tilrettelagte avhør kan vere - både positive, men også mindre positive sider av prosessen. Kodane vart til slutt sett saman og skriven om, slik at dei vidare kunne brukast som kontekst i funn-delen.

## Forskingsetikk

Forsking skal vere forankra i anerkjente etiske verdiar, som skal bidra til at forskingsprosessen gjennomførast på ein verdig og forsvarleg måte (Befring, 2015, s. 28). Det er viktig å gjennomføre djupneintervjuer på ein god måte, slik at informantane ikkje skal komme til skade (Tjora, 2017, s. 175). I samband med dette sendte eg i forkant av intervjuet informantane eit samtykkeskjema i samsvar med NSD 12/1 2021 for prosjekt med referansekode 797431. Informantane vart blant anna opplyst om kva prosjektet omhandla og fekk moglegheit til å samtykke til å bli tatt opp på lyd- eller videoopptak. Dei vart også informert om korleis lydopptaka skulle behandlast og når dei skulle slettast.

Lydopptak vart overført direkte frå mobil til PC via AirDrop for å unngå at informasjon gjekk igjennom internett. For å sikre anonymisering og validitet hos informantane fikk dei som ønskte dette lov til å sitatsjekke det transkriberte dokumentet. Det var ein informant som ønskte dette i min studie. Dokumentet vart sendt via mail der eg anonymiserte innhaldet i tilfelle det skulle hamne på avveie.

## Kvalitet

I forhold til kvalitet på den kvalitative forskinga, blir kriteria pålitelegheit, gyldighet og generalisering ofte brukt som indikatorar (Tjora, 2017, s. 231).

I forkant av intervjuet hadde eg lest meg opp på tilrettelagt avhør, slik at eg kunne stille meir presise spørsmål i intervjuet til informantane som vart brukt i studien. Studiens pålitelegheit styrkes med at informantane har inngåande kjennskap til tilrettelagt avhør og har det som eit dagleg virke.

Gyldigheit, eller validitet, handlar om dei svara som ein finner i forskinga faktisk svarar på spørsmåla ein prøvar å stille. Tjora (2017, s. 232) viser til Kvale (1997) som foreslår å snakke om kommunikativ og pragmatisk gyldighet. Kommunikativ gyldighet testast i dialog med forskarsamfunnet, mens pragmatisk gyldighet testast ved spørsmålet om forskinga fører til endring eller forbetrинг. Eg er mest opptatt av den pragmatiske gyldigheten, fordi eg som forskar har hatt eit bevisst forhold til både teoriar og perspektiv, men også tidlegare forsking som har vore relevante i forhold til tema. Eg tenker dermed at eg har klart å oppnå høg grad av validitet. Metodikken for datainnsamling i studien er basert på fleire djupneintervju, som har til hensikt å komme inn i djupna på ulike fenomen. Metoden djupneintervju vart valt med utgangspunkt i problemstillinga og forskingsspørsmåla mine, da dei går ut på å undersøke ulike nyansar i arbeidet rundt tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar. Denne samanhengen og gjennomtenkte utførselen er også med på å styrke dataens validitet.

Generalisering seier noko om kor vidt funna i den kvalitative studien kan generaliserast til den generelle befolkninga (Tjora, 2017, s. 238). Denne studien vil gi lesaren innblikk i ulike dilemma som kan oppstå i arbeid med tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar. Kva desse dilemmene inneberer vil bli beskriven av profesjonelle som har mykje erfaring rundt dette temaet. I tillegg til dette vil også funn frå tidlegare studiar bli trekt fram, og satt opp mot funna som har blitt gjort i studien. Ein vil både få innblikk i denne bestemte situasjonen, men også situasjonen utanfrå i den generelle befolkninga. Funna frå studien stemmer overeins med funna frå tidlegare forsking. Dette bidrar til positiv påverknad på studiens generalisering.

Tjora (2017) meiner at det å ha transparens er ei av dei viktigaste krava innanfor forsking. Dette forutsetter at blant anna korleis undersøkinga er blitt gjort, kva val som er tatt, korleis informantane er blitt rekruttert og kva teoriar som er brukt, kjem tydeleg fram. Dette meiner eg er godt beskriven, og kan kvalifiserast som ein studie med god transparens.

Ein svakheit med studien min kan vere at alle informantane med politi bakgrunn er frå same politidistrikt. Likevel meiner eg at svakheten blir oppheva ved at erfaringa stamma frå ein storby. Ved val av mindre steder, risikerer ein at profesjonane kan ha mindre erfaring. Studien kan då verke mindre truverdig ettersom at informantane har lite samanlikningsgrunnlag.

## **Metodiske utfordringar**

Befring (2015, s. 117) skriver at forskaren sjølv er hovedinstrumentet ved gjennomføringa av kvalitative intervju, og at det då krevjast at ein er bevisst om moglege subjektive feilfaktorar. Eg har i ettertid sett at eg kunne intervjuia den tilsette i barnevernet litt tidlegare enn eg gjor. Då kunne eg stilt dei andre informantane oppfølgingsspørsmål som kunne utfordra dei meir på det barnefaglege perspektivet. Den tilsette i barnevernet kom med eit nytt perspektiv med mykje kunnskap, som ikkje vart maksimalt utnytta i dei andre intervjuia ettersom ho var den siste til å bli intervjuia. Fire av fem informantar har jobba innanfor politiet, og dermed er det ein risiko at oppgåva veger tyngre på politiets perspektiv, enn det barnevernfaglege perspektivet. Tross dette meiner eg at problemstillinga blir godt svart.

## Funn

Denne studien søker kunnskap om ulike dilemma som kan oppstå i arbeid med tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar. Etter å ha gjennomført fem djupneintervju av fem ulike profesjonar, var det spesielt tre områder i empirien som utpeikte seg. Desse tre var; korleis profesjonane opplever fristane i forhold til arbeidet, balansen mellom prinsippet om barnets beste og omsynet til foreldrenes rettigheter, samt det tverrprofesjonelle samarbeidet. Kva dilemma som kan oppstå i desse områda, skal eg no ta for meg;

## Fristar

Alle informantane framhevar nødvendigheitene å ha fristar i dette arbeidet, da det legger eit visst press på kva saker som burde prioriterast og for å sørge for at arbeidet skjer så raskt som mogleg. Tilrettelagt avhører fortel vidare at menneske sitt minne er bygd opp slik at jo fortare ein får snakka om det, jo meir huskar ein. Politietterforskar og den tilsette i barnevernet grunnar også dette med at ein også i arbeidet må tenke at barna som skal i avhør ofte skal vere heime med foreldra sine. Dermed kan ein risikere at dei i mellomtida i vente på avhøret, kan bli påverka av foreldra eller andre.

Tilrettelagt avhører, jurist, leder for barnehuset og politietterforskar fortel at dei opplever det som utfordrande å skulle skaffe tilstrekkeleg med opplysningar innan fristen. Etterforskar fortel at det ofte kan gå 2-3 dagar før ein får dokumentasjon frå barnevernet. Dersom dei i tillegg har teieplikt, kan det ikkje bli gitt beskjed om at ein trenger samtykke frå foreldra, da dei er mistenkte i saka. Då må det gå gjennom statsforvaltar, og må dermed bereknast ventetid der også. Jurist fortel også at teieplikta til barnevernet gjer det utfordrande å få nok informasjon innan fristen. Dermed må ein ofte utsette fristen for å ikkje gjennomføre avhør som ikkje er tilstrekkeleg forberedt. Leiar for barnehuset seier også at det er viktig at alle forbereder seg og veit så mykje som mulig før ein fattar nokon avgjersler.

Jurist fortel at barnets beste vurderinga må komme først, noko som gjer at ein ofte ikkje klarer å overhalde fristane. Tilrettelagt avhører er einig i at kvalitet ikkje skal gå på kostnad av fristane, og at det ofte hender at fristane ikkje blir overhalde. Han formidlar vidare at grunnar

for dette kan vere enten fordi det ikkje er nok kapasitet til å utføre arbeidet innan fristen, at det ikkje er til barnets beste, at det ikkje er gunstig i forhold til etterforskinga, eller av juridiske årsaker. Både jurist og politietterforskar seier at ein risikerer at når ein først bryter fristen, at fristbruddet bli unødvendig lang. Dette da dei ikkje har det opprinnelege tidspresset på seg.

Den tilsette i barnevernet opplever fristane som utfordrande dersom barnevernet blir bedt om å vente med å gripe inn til barnet har vore i avhør. Ho meiner at 1-3 veker – som er fristen, kan opplevast som lenge for det barnet som har uttalt seg til ein voksen om det vanskelege.

Med andre ord så opplever dei ulike profesjonane at det er nødvendig å ha fristar i arbeidet, til tross for at det byr på ulike utfordringar. Dersom arbeidet utførast raskt, hugsar barnet oftast best og sikrar også at det ikkje blir påverka av andre. Ein risikerer imidlertid at arbeidet får dårlagare kvalitet. Om fristen blir utsatt fordi det ikkje er nok kapasitet til å utføre arbeidet, fordi faktorar med barnet gjer det vanskeleg, for etterforskinga sin del eller av juridiske årsaker, risikerer dei at barnet kan bli påverka av andre, samt at barna går for lenge i den vanskelege livssituasjonen. Dette fordi det opprinnelege tidspresset ikkje ligger til grunn.

## Barns vs. Foreldres rettigheter?

Når det gjelder korleis informantane opplever balansegangen mellom prinsippet om barnets beste og foreldrenes rettigheter, er det delte meiningar.

Den tilsette i barnevernet opplever spennet mellom foreldra sine rettigheter og barnets beste som vanskelig, og fortel at dei kan virke motstridande. I tillegg kan det vere utfordrande ettersom mykje av det barneverntenesta gjer er samtykkebasert. Ein har ikkje moglegheit til å få samtykke med foreldra da dei ofte er mistenkta i saken. Leiar i barnehuset drar fram forklaringsplikta som barn opp til 15 år har, og fortel at det hadde vore å sette barn i ein umulig situasjon dersom den ikkje hadde eksistert. Tanken med denne lova er å få barnet til å fortelle kva som har skjedd, slik at vi skal få moglegheit for å beskytte barnet. Tilrettelagt avhører fortel med utgangspunkt i forklaringsplikta at det kan vere utfordrande å informere barnet om at videoopptaket vil bli spelt av i ein mulig rettssak. Barna skjønner då at foreldra

får vite kva som blir sagt, noko som kan bidra til at dei holder igjen viktige opplysningar. Tilrettelagt avhører opplever at slike juridiske formalitetar utfordrar det barnefaglege, fordi både barnets beste og den mistenke sin rett til kontradiksjon skal bli ivaretatt. Jurist nemnar også forklaringsplikten som barn har, og meiner det er riktig å gi barn same moglegheita som vaksne til å uttale seg.

Juristen opplever ikkje motstrid mellom foreldra sine rettigheter og barnets beste fordi regelverket på mange måtar er satt opp nettopp av omsyn til at barnet skal hørast. Det krevjast imidlertid at dei er på og sørger for at alle er ivaretatt. Vidare beskriver ho regelverket som regide, men samtidig fleksible. Juristen tenker at det er viktig å hugse at sjølv om barnet ikkje ønsker å forklare seg neit, betyr ikkje det at dei ikkje trenger hjelp. «Det er ein rett ein skal ta på alvor».

Tilrettelagt avhører fortel at foreldra vil få spørsmål om dei ønska supplerande avhør, slik at dei kan forsvare seg. Dette balanserer mellom kravet til objektivitet og informasjon om etterforskinga. Jurist bygger vidare på at ein etterpå må vurdere om barnet skal inn i eit nytt avhør for å svare på dei nye spørsmåla. Jurist fortel at dersom dei formelle rettighetene etter straffeprosesslova ikkje overhaldast, risikerer ein å ikkje kunne bruke avhøra i retten. Ho seier til slutt at ein både skal ivareta barnets beste og den sikta rett til kontradiksjon.

Med bakgrunn av desse funna kan ein konkludere med at spennet mellom barns og foreldres rettigheter kan opplevast som vanskeleg. Utfordringa oppstår når barn på lik linje som vaksne skal få moglegheit til å forklare seg. Ofte blir det å sette barnet i ein umulig situasjon, fordi foreldras rettigheter også må bli ivaretatt. For at dette skal skje, må foreldra vite kva barnet har sagt, da dei har rett til kontradiksjon. Det er delte meiningar om spennet mellom barn og foreldrenes rettigheter opplevast som motstridande eller ikkje. Nokon opplever denne balansen som utfordrande, mens andre meiner at regelverket er satt opp slik at ein skal klare å ivareta begge partar like mykje.

## **Det tverrprofessionelle samarbeidet**

Det var stor einighet blant informantane at det tverrprofessionelle samarbeidet kunne by utfordringar, til tross for at dei oftast opplever å finne gode løysingar saman. Likevel var det spesielt ei utfordring som gikk igjen, og det var knytt til dei ulike lovverka og mandata dei må forhalde seg til.

Både den tilsette i barnevernet, leiar i barnehuset, politietterforskar og tilrettelagt avhører har danna seg inntrykk om at politiet har meir fokus på det juridiske perspektivet, sjølv om dei også fokuserer på det barnefaglege perspektivet. Leiar i barnehuset seier at heile barnehusmodellen er bygd på at ein skal kunne jobbe saman tverrprofessionelt. Likevel er det svært lite som er lovregulert til tross for at barnehus har eksistert i Noreg i 14 år. Ho tenker også at dilemma mellom spesielt barnevernet og politiet oppstår i prosessen når ein må få fram barns forklaring for å avdekke kriminelle handlingar.

Leiaren i barnehuset forklarar at mykje av utfordringa med det tverrprofessionelle samarbeidet ligg i holdningane og korleis dei ulike aktørane ser på kvarandre som likeverdige partnerar med ulike roller og oppgåver. Vidare tenker ho at ein enda har litt å gå på når det gjelder samarbeid. «Vi berer et stort ansvar dersom vi skal bere det aleine». Det er mykje som skal regulerast slik at ein kan jobbe på tvers, og då gjelder det å finne ein formulering til barnets beste som er lik. Den tilsette i barnevernet meiner også at det er vanskeleg å skulle forholde seg til forskjellige mandat og lovheimlar. Leiar for barnehuset seier at formålet er å få fakta på bordert og eventuelt få straffa den sikta og at det kanskje er her politiet og barnevernet kjem mest i dilemma. Vidare seier ho at dersom ein ser det i eit samfunnsperspektiv, vil ein ikkje ha eit samfunn som ikkje gjer sitt beste for å avdekke kriminelle handlingar.

Ein anna utfordring ved det tverrprofessionelle samarbeidet kan i følge den tilsette i barneverntenesta vere dersom barnevernen må vente med å gripe inn til det tilrettelagte avhøret er utført. Leiar i barnehuset bekreftar at dette er eit problem ein kan møte på, da prosessen med tilrettelagt avhør kan forstyrre starten på arbeidet til barnevernet i undersøkingsfasen. Dette grunnar ho med at ein må avhøre barnet før ein kan setje inn tiltak og snakke med foreldra – eller så kan dette øydeleggje for straffesaka.

Utfordringa her vil ligge i forhold til dei ulike oppgåvene profesjonane har, samt dei ulike mandata og lovverka dei må forholde seg til. Ved å ha ulike lovverk og mandat kan det oppstå dilemma i forhold til profesjonane når dei må arbeide ut ifrå prinsippet om barnets beste, men samtidig sørge for at bevisverdien er tilstrekkeleg og god nok. Når profesjonane skal ta omsyn til begge desse, kan det resultere i at deira eige arbeid kan bli forstyrra, eller at det oppstår ei ulikvekt mellom barnets beste prinsippet og det å skaffe tilstrekkeleg med bevis.

## Diskusjon

### Korleis profesjonane opplever fristane i forhold til tilrettelagt avhør

For å skape ein god oversiktleg diskusjon, knytast dei ulike elementa opp imot det første forskingsspørsmålet. Ved å ta for meg teorien om intervension, riksadvokatens rundskriv frå 2015, resultata frå rapportane til politidirektoratet, samt funna om korleis dei ulike profesjonane opplever fristane som må overhaldast i arbeidet, vil eg skape gode diskusjonspunkt og eit godt svar på forskingsspørsmålet.

Dagens lovverk og rammer sikrar ikkje fagfolk sin moglegheit til å haste på ein måte som nødvendigvis følast trygt for barnet. Det hastar ofte meir for dei vaksne rundt enn for barna som står i situasjonen (Sanner, 2020, s. 30). Dette ligger muligens i at i norsk lov har alle offentlege tilsette avvergerplikt (Sanner, 2020, s. 124). I tillegg er dei også pliktige til å gi nødvendige opplysningar om eit barn dersom det blir etterspurt (Sanner, 2020, s. 124).

Trekker ein fram funna frå studien her, ser ein at profesjonane på den eine sida tenker at det er nødvendig å ha fristar da det legger eit press på at arbeidet skal bli utført raskast mogleg. Jo fortare barnet får snakke, jo meir hugsar barnet. Sjansen er også mindre for at barnet blir påverka av foreldra eller andre. Med at arbeidet går raskt, risikerer ein imidlertid at arbeidet får dårligare kvalitet. Eriksen og Germeten (2012, s. 54) meiner også, på lik linje med studiens informantar, at tiltaka som gjerast frå det offentlege sin side skal skje så tidleg som mogleg. Dette bekreftar også Sanner (2020, s. 122) som meiner at barn skal få hjelp så fort som mogleg, sett vekk ifrå at det går på bekostning av barns rettsikkerheit.

På den andre sida viser funna frå studien at fristane ofte ikkje blir overhaldt. Dette på grunn av at det enten ikkje er nok kapasitet til å utføre arbeidet, fordi faktorar med barnet gjer det vanskeleg, fordi det ikkje er gunstig i forhold til etterforskinga eller av juridiske årsaker. Profesjonane risikerer her at barna påverkast av andre, eller at dei går for lenge i vanskelege livssituasjonar. Utan frist vil ikkje det opprinnelige tidspresset som legger føringane for arbeidets tempo vere der. Masteroppgåva «Tilrettelagt avhør av barn i saker om seksuelle overgrep» (2017, s. 43) som tok for seg resultata frå rapportane til politidirektoratet, bekreftar akkurat dette. Rapporten viser til at reglane om fristar kan vere vanskeleg å overhalde. Årsaker for dette, er i likhet med funna i studien, på grunn av kapasitetsmangel, eller forhold

med barnet som er ute av politiets kontroll. Riksadvokaten (Torgersen, 2016) bekreftar også at fristane kan opplevast som stramme, men meiner likevel at dei skal overhaldast med mindre det er heimel og grunnlag for å utsette fristen. På lik linje med funna i studiet, samt teoriane presentert, går Riksadvokaten også ut med at fristane knytt til eit tilrettelagt avhør ikkje skal gå utover kvaliteten på arbeidet.

Med dette som utgangspunkt ser vi at dei ulike profesjonane i arbeid rundt tilrettelagt avhør av barn møter på utfordringar i forhold til fristane som skal overhaldast. Juristen bestemmer om det er tilstrekkeleg å overhalde fristane. Dersom jurist vel å holde på fristane, kan det medføre at etterforskar ikkje får tilstrekkeleg med tid til å innhente opplysningar for å belyse saken før det tilrettelagte avhøret skal gjennomførast. Dette vil kunne påverke kvaliteten til det tilrettelagte avhøret, da avhørar har mangefull informasjon i forkant av sitt arbeid. På den andre sida, dersom jurist ikkje vel å overhalde fristane, kan dette by på utfordringar for barnevernet da dei kan bli hindra i å iverksette nødvendige tiltak for å ivareta barnets sikkerheit. Brot på fristar kan også bidra til at barn i mellomtida i vente på avhøret blir påverka av foreldra eller andre, som igjen kan påverke bevisverdien. Utfordringa med å bryte fristane kan også vere at profesjonane kan miste den føringa som legger press på at arbeidet skal skje raskt. Barnet kan også ta skade, ettersom det kan ta for lang tid før hjelpa kjem.

## **Korleis profesjonane stiller seg til balansen mellom prinsippet om barnets beste og omsynet til foreldrenes rettigheter**

For å få eit grundigare svar på problemstillinga til studien, tar eg også i bruk mitt andre forskingsspørsmål. Diskusjonen her går ut på å ta for meg teori om barnet som aktør, forsking som tar for seg spennet mellom barn og foreldres rettigheter og forsking som diskuterer lovtolking i forhold til barns rettigheter, oppimot funna i studien. Dette skal til slutt gi eit overblikk over korleis profesjonane stiller seg til balansegangen mellom prinsippet om barnets beste og foreldrenes rettigheter.

Basert på det overordna funnet ser vi at det ligger ei utfordring i at barn på lik linje som vaksne skal få moglegheit til å uttale seg når det er blitt danna mistanke om vold i nære relasjoner, fordi det samtidig blir å setje barnet i ein umuleg situasjon. Dette skriver også

Øvreeide om, (2009, ss. 188-189) at barn kan bli redde for å enten bli avvist, eller bli tillagt ansvar og skyld for den eventuelle løysinga som blir funnen. Dermed blir barnet satt i ein situasjon der alle svar blir «feil». Øvreeide (2009, s. 190) meiner derfor at barn må ha eit bevisst, informert og overordna perspektiv på sine behov og sine moglegheiter om svara på deira spørsmål skal bli tillagt stor vekt. Vi ser også med utgangspunkt i funna at det kan vere utfordrande å informere barn om at avhøret som blir tatt opp vil bli spelt av i ein mogleg rettssak. Barna vil skjønne at den mistenkte vil få vite kva som har blitt sagt. Dette kan bidra til at viktig informasjon blir heldt igjen, til tross for at barnet har forklaringsplikt. Foreldra, som kan vere mistenkt i saka har rett til kontradiksjon, noko som også står sentralt i etterforskningsstadiet (Torgersen, 2016). Dei må få sjå avhøret for å kunne forsvare seg. Forsking viser at barns rettigheiter skal prioriterast, men ikkje i større grad enn at formålet nåast. Barns rettigheiter skal ikkje heilt skygge for foreldras rett til kontradiksjon og den betydinga det har for opplysing i saken (Sigurdsen, 2017). På same tid må både barnets og den mistenkte sine behov og rettigheiter vere ivaretatt dersom avhørets bevisverdi skal vere godkjent (Torgersen, 2016). Det kan dermed forståast at ein kan stille spørsmålsteikn om balansegangen mellom barn og foreldres rettigheter i ein straffesak er god nok, slik den er i dag.

I lys av funna såg vi at det var delte meininger i forhold til om barnets beste prinsipp og foreldres rettigheiter var motstridande. Mens nokon profesjonar fann desse som tidvis motstridande, meinte andre at det ikkje var noko motstrid – dette fordi dei opplevde at regelverket var bygd slik at begge partar skal rettigheitene sine ivaretatt. Likevel viser forsking at det er ulikevekt i den faktiske og rettslege stillinga mellom barn og foreldre (Sigurdsen, 2017). I følge drøftinga av barns integritetsvern viser Barnevernsutvalet til avgjarda i GRL. §104 tredje ledd første setning, men føretar ingen tolking eller klargjering av betydinga den har for lovgivnaden. Lovutvalet går dermed ikkje inn på spørsmålet om kva styrke som ligger i barns rett til integritetsvern, og tar heller ikkje direkte opp spørsmålet om korleis ein konfliktsituasjon mellom barns og foreldres rettigheter skal løysast (Sigurdsen, 2017). Dersom ei veger dette oppimot funna som tilseier at barnets beste prinsippet og foreldrenes rettigheter ikkje opplevast som motstridande, kan ein konkludere med at årsaken til dette kan vere fordi lovane ofte må tolkast ut ifrå situasjonane ein står i. Til tross for dette peikar fortsatt forsking på at regelverket er for komplekst når det gjeld spørsmål om foreldras innsynsrett og barns behov for konfidensialitet (Sigurdsen, 2017).

Dei ulike profesjonane stiller seg dermed både kritisk og ukritisk til balansen mellom prinsippet om barnets beste og foreldrenes rettigheter. Kritisk i den forstand at barnet også har behov for konfidensialitet, men som profesjonane ikkje kan ta stilling ettersom at den mistenkte har rett på kontradiksjon. Og ukritisk i forhold til at lovverket er bygd på ein måte som gjer at dei kan tolkast, og dermed klare å ivareta begge partar like mykje.

### **Korleis profesjonane opplever det tverrprofessionelle samarbeidet**

For å svar på mitt tredje forskingsspørsmål, skal eg diskutere teori om tverrprofessionelt samarbeid. Eg samanliknar forsking på teamet opp mot mine funn om korleis dei ulike profesjonane opplever det tverrprofessionelle samarbeidet i arbeidet rundt tilrettelagt avhør av barn.

Rundt eit tilrettelagt avhør er det nødvendig med brei, god og profesjonell etterforsking og kunnskapsrike og engasjerte fagpersonar på alle nivå i straffeskjeden, for at mest mulig av bilde skal kunne leggast (Davik & Langballe, 2013). For at dette tverrprofessionelle samarbeidet skal kunne fungere optimalt, forutsetter det at kvar profesjon er tydlege på sin yrkesidentitet og kva ein kan bidra med i samarbeidet (Ellingsen, Levin, Berg, & Kleppe, 2015, s. 158). Ei slik god samhandling mellom politi og barneverntenesta i saker om vold og overgrep mot barn var eit av siktemåla med den nye ordninga som kom i 2015 (Torgersen, 2016). Funna frå Jakobsens (2018) masteroppgåve og funna frå denne studien viser midlertidig at det tverrprofessionelle samarbeidet mellom profesjonane, spesielt mellom barneverntenesta og politi, likevel kan opplevast som komplekst og utfordrande. Vidare viser kvar av funna at blant anna ulike lovvert og ulike holdningar kan vere årsakar til dette.

Aas (2014) tar også for seg i sin artikkel at politiet og barneverntenesta kan ha ulike interesser. Studiens funn viser dermed at ulike interesser i arbeidet kan by på utfordringar når dei må arbeide ut ifrå prinsippet om barnets beste, men samtidig sørge for at bevisverdien er tilstrekkeleg og god nok. Med utgangspunkt i funna vidare kan ein sjå at når dei ulike profesjonane i eit forsøk på å ta omsyn til begge, kan resultere i at eige arbeid blir forstyrra eller at det oppstår ulikvekt mellom barnets beste prinsippet og det å skaffe tilstrekkeleg med

informasjon. Både Torgersen (2016) sin artikkel og funna frå studien viser at dette ofte kan skje når barneverntenesta blir hindra i å iverksette nødvendige tiltak for å ivareta barnet, ettersom det kan verke skadelidande for etterforskningsarbeidet. Fokuset på barnets beste samt fokuset på å samle bevis i straffesaka kan då komme i konflikt, noko som kan utfordre det tverrprofessionelle samarbeidet. Eriksen og Germeten (2012, s. 35) meiner det uansett er viktig å tenke at «gevinsten» er større enn «investeringa» sjølv om samarbeid på tvers av fag og profesjonar kan opplevast som tidkrevjande.

Når det gjelder korleis dei ulike profesjonane opplever det tverrprofessionelle samarbeidet i forbindelse med tilrettelagt avhør, kan ein sjå at det til tider kan verke komplekst og utfordrande. Det som opplevast som utfordrande er å skulle samarbeide på tvers av fag og profesjonar ettersom lovverka og haldningane er ulike. Barneverntenesta og politiet opplever i stor grad at arbeidet blir forstyrra som følger av dette, da interessene mellom barnets beste og det å samle bevis i straffesaker kan komme i konflikt.

## Konklusjon

Som nemnt innleiingsvis vil denne studien gå meir inn på dei meir ukjente baksidene ved tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar. Med bakgrunn av dette har eg gjennom denne studien søkt svar på problemstillinga; *Kva dilemma kan dei ulike profesjonane som arbeider med tilrettelagt avhør av barn som er mistenkt utsatt for vold i nære relasjonar, stå i?*

I det første forskingsspørsmålet ser vi at dilemmaet profesjonane kan møte på omhandlar om fristane skal overhaldast eller ikkje. Dette fordi begge utfalla kjem med konsekvensar som kan påverke barnet som skal i tilrettelagt avhør. På den eine sida dersom juristen vel å overhalde fristen, kan ei risikere at tilrettelagt avhørar ikkje har tilstrekkeleg med opplysningar i forkant av intervjuet, og kan påverke kvaliteten på avhøret. Dersom jurist vel å ikkje overhalde fristen, risikerer ein at barnevernet ikkje får iverksatt nødvendige tiltak for å ivareta barnets sikkerhet. Dette fordi dei ikkje skal stå i vegen for politiets etterforsking. I tillegg kan profesjonane miste føringa som legger press på at arbeidet skal skje rast, noko barnet kan ta skade av dersom det tar for lang tid før hjelpa kjem.

Det var ikkje råd å komme fram til eit eintydig svar på mitt andre forskingsspørsmål om korleis dei ulike profesjonane stiller seg til balansen mellom prinsippet om barnets beste og foreldrenes rettigheter. Dei som stilte seg kritiske til balansen opplevde eit dilemma i forhold til at barn har behov for konfidensialitet, som profesjonane ikkje kan imøtekome ettersom at dei mistenkte i saka har rett til kontradiksjon. Dette bekreftar teori og forsking. Den som stilte seg ukritisk til balansegangen mellom barn og foreldre opplever ikkje dilemma ettersom lovane kan tolkast og dermed klare å ivareta begge partar like mykje.

Mitt tredje forskingsspørsmål svarar på korleis dei ulike profesjonane opplever det tverrprofessionelle samarbeidet. Både teori, forsking og funn frå studien tilseier at profesjonane kan oppleve å stå i eit dilemma der prinsippet om barnets beste og bevissamling i straffesaker står i konflikt mot kvarandre. Dette fordi profesjonane kan ha ulike interesser, lovverk og haldingar i arbeidet rundt det same tilrettelagte avhøret. Politiet og Barnevernstenesta opplever i stor grad dette.

Avslutningsvis vil dermed svaret på problemstillinga vere at dei ulike profesjonane kan oppleve å stå i dilemma i forhold til om fristane skal overhaldast eller ikkje, når barnets og den mistenktes rettigheter verkar motstridande, samt når det i tilfeller må vurderast om barnets beste prinsippet eller bevis i straffesaken skal prioriterast.

Det vil også vere interessant å framskaffe kunnskap om korleis avhør over fleire sekvensar gjennomført av skolerte avhørarar, verkar inn på små barns muligheter til å forklare seg i avhør, utan at dette svekker dei juridiske sidene ved avhøra (Davik & Langballe, 2013). På grunn av oppgåvas avgrensing vart det ikkje anledning å forske på dette.

Ein vidare forsking på dilemmane som er identifisert i denne studien kan synliggjere behovet for å endre på arbeidsmetodane til dei involverte i forbindelse med gjennomføring av tilrettelagt avhør. Dei strenge tidsfristane meiner eg vil vere eit sentralt tema.

## Siterte verk

- Anonym. (2017, November 25). Tilrettelagte avhør av barn i saker om seksuelle overgrep. *Tilrettelagte avhør av barn i saker om seksuelle overgrep - Reglene om tilrettelagte avhør og gjeldende anerkjente avhørsmetoder: En rettsdogmatisk og vitnepsykologisk vurdering (Masteroppgåve)*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Aas, G. (2014, August 18). Familievold som et spesialfelt i politiet? *Nordisk politiforskning*, ss. 58-81.
- Aas, G. (2020, Desember 23). Familievolden i politireformen. *Nordic Journal of Studies in Policing*, ss. 286-305.
- Barnevernlova. (1993). Lov om barneverntjenester (LOV- 1992-07-17-100). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1992-07-17-100>
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Latvia: Cappelen Damm AS.
- Bunkholdt, V. (2002). *Psykologi - en innføring for helse- og sosialarbeideidere*. 0105 Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Bunkholdt, V., & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Davik, T., & Langballe, Å. (2013, Januar 23). "Du får bare gjøre så godt du kan" - Utfordringer og dilemmaer ved avhør av barn i førskolealder. *Lov og rett*, ss. 3-20.
- Ellingsen, I. T., Levin, I., Berg, B., & Kleppe, L. C. (2015). *Sosialt arbeid - en grunnbok*. 0105 Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Eriksen, E., & Germeten, S. (2012). *Barnevern i barnehage og skole - møte mellom barn, foreldre og profesjoner*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Folkehelseinstituttet. (2019, Juni 24). *Vold og seksuelle overgrep*. Henta frå fhi.no: <https://www.fhi.no/nettpub/hin/skader/vold/>
- Jakobsen, H. F. (2018). *Tverrfaglig samarbeid mellom barneverntjenesten og politi i forbindelse med tilrettelagt avhør*. Henta frå oda.oslomet.no:

<https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/10642/7088/Jakobsen.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Justis- og beredskapsdepartementet. (2011, Desember). *Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012*. Henta frå regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/16a289eae1a140ab8766c0c02559269e/handlingsplanjdweb.pdf>

Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Norsk riksrikkasting AS. (2020, Desember 10). *Ulven kommer*. Henta frå nrk.no: <https://www.nrk.no/presse/programomtaler/ulven-kommer-1.15281743>

Politidirektoratet. (u.d.). *Statens barnehus - årsrapport 2019*. Henta frå politiet.no: <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/statens-barnehus/statens-barnehus-arsmelding-2019-2.pdf>

Sanner, M. (2020). *Klokhet om vold og overgrep*. Oslo: Universitetsforlaget.

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn*. 5892 Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Sigurdsen, R. (2017, Desember 15). Barns rett til beskyttelse under behandling av barnevernssak. *Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål*, ss. 290-304.

Statens helsetilsyn. (2009). *Utsatte barn og unge – behov for bedre samarbeid. Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2008 med kommunale helse-, sosial- og barneverntjenester til utsatte barn*. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldental Norsk Forlag AS.

Torgersen, R. (2016, April 27). Fra riksadvokaten. *Tidsskrift for strafferett*, ss. 73-95.

VERBI Software. (2019). *MAXQDA 2020*. Henta frå maxqda.com:

<https://www.maxqda.com>

Øvreeide, H. (2009). *Samtaler med barn - Metodiske samtaler med barn i vanskelige livssituasjoner*. Kristiansand: Høyskoleforl.